



Birger Martin Vestheim  
Radøyvegen 1450  
5936 MANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/2930 - 23/86142

Saksbehandlar:  
Hogne Askeland  
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:  
09.11.2023

## Ferdigattest - gbnr 451/3 Morken indre

**Administrativt vedtak:** Saknr: 1168/23  
**Tiltakshavar:** Birger Martin Vestheim  
**Ansvarleg søkjar:** Vest Rørservice As  
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest

### VEDTAK

**Det vert gjeve ferdigattest for minirensanlegg med tilhøyrande leidningsnett på gbnr 451/3 Morken indre.**

**Vedtaket vert gjeve med heimel i plan- og bygningslova § 21-10.**

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt.

Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 30.05.2023.

Det vert elles vist til søknad mottaken 02.11.2023.

### Skildring

Adresse:	Radøyvegen 1464
Tiltak:	Minirensanlegg Biovac FD5N GRP
Avlaup:	Privat avløpstilknytning
Vatn:	Privat vasstilknytning

## GENERELL INFORMASJON

### Regelverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følger av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 23/2930

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Hogne Askeland  
Konsulent

Eirik Berntsen  
Avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Mottakarar:

Birger Martin Vestheim	Radøyvegen	5936	MANGER
	1450		
Vest Rørservice As	Kvernhusvegen 5	5936	MANGER